

# BYGG & BUSTAD

Vår 2026

## *Musikkhus i hagen*

FOTO: Gro B. Røiland

**HUS I HAGEN:** Jon Solberg har eige musikkhus i hagen. Her er det god takhøgde og rom for kreativitet.

SIDE 12-13



**Bøblad**  
Lokalavis for Midt-Telemark

# Frå gard til hus i se

**Etter mange år på gard valde Karl Gunnar Sanda og Åse Egeland å flytte til sentrum. Avgjerda handla først og fremst om å gi neste generasjon sjansen til å ta over.**

Veronica Irmelin Ellingsen  
redaksjon@boblad.no

– Det at neste generasjon ville overta garden var den største grunnen til at me valde å flytte. Hadde dei ikkje villa det, hadde me nok blitt buande, seier Karl Gunnar Sanda.

Saman med kona Åse Egeland har han flytta frå familiegarden på Sanda i Øvre Bø til Bø sentrum.

No nyt dei pensjonisttilveret i ny bustad.

Dei har likevel ikkje valt leilegheit, slik mange andre vel.

## Frå gard til sentrum

Karl Gunnar og Åse flytta frå Kongsberg til Bø i 1988 for å ta over familiegarden.

Her oppdro dei tre barn, med god avstand til næraste nabo og naturen tett på i kvardagen.

Foreldra til Karl Gunnar kjøpte seg då eit hus i Bø sentrum, og det er der paret no bur.

– Det er ikkje eit sånt typisk familiehus. Mor og far kjøpte det rundt 1988 då me flytta til garden, fortel han.

Faren hadde likevel ei tilknytning til i huset i sentrum frå før.

– Det er litt artig, for faren min budde på hybel her i tre-fire år da han gjekk på realskule og gymnas på 1950-talet. Då budde han eigentleg på garden og gjekk på skule her, men det var ikkje buss på den tida, så han måtte flytte på hybel ei mil unna, fortel Karl Gunnar.

Etter kvart vart det tungt for faren å handtere huset i sentrum åleine. Derfor kjøpte Karl Gunnar og Åse det for rundt 15 år sidan, mange år før dei sjølve flytta dit.

Opphavleg ønskte ikkje faren å selje, men eit stort hus med mykje vedlikehald vart krevjande med åra.

– Karl Gunnar sa: «Du må ha nytt tak, så må du måle, og så må du etterisolere.» Då såg han berre på oss og sa: «Vil de overta huset, då?», fortel Åse.

## Ikkje noko vanskeleg val

Det tok likevel mange år frå ekteparet kjøpte huset til dei flytta inn. Då eitt av dei tre barna ønskte å



**FLYTTA FRÅ GARDEN:** Karl Gunnar Sanda og Åse Egeland flytta frå Øvre Bø til Bø sentrum i 2022.



**ETTER UTBYGGING:** Slik ser huset ut no. Det ligg i Gamlevog i Bø sentrum.

overta garden på Sanda, var vallet eigentleg enkelt.

– Når nokon ville overta der, var det ikkje noko å diskutere. Samstundes var far min veldig innstilt på å flytte i noko meir lettstelt. Han leigde seg då ei leilegheit over legesenteret, seier Karl Gunnar.

Huset i sentrum pussa dei opp i 2020, og dei flytta inn heilt i starten av 2022.

– Hadde me ikkje hatt huset, trur eg me hadde enda opp i eit eller anna rekkehus. Eg var veldig klar på at eg ville ha noko med hage, seier Åse.

Åse fortel at dei nok må ta stilling til om det må bli noko mindre når dei blir endå eldre. Eit hus med hage og vedlikehald krev meir enn ei leilegheit, men der er dei ikkje enno.

– Mange flyttar i leilegheit fordi det er enkelt. Ein har gjerne vaktmeister, slepp hage og vedlikehald. Men eg ville ha den hagen, seier ho.

Og i huset i sentrum har dei nok av hage, og der Åse har fått lagd seg ein kjøkkenhage. Ho startar planting inne alt i januar.

Karl Gunnar ønskte også hage, men helst utan for mykje arbeid.



**UTESTOVE:** Karl Gunnar og Åse har bygd ei utestove i glas knytt til huset.

– Det er mykje plen, så eg var fornøgd då me kunne overlata klippinga til ein robot, seier han.

For han var det også viktig å ha plass til verkstad, sidan han trivst med å fikse og ordne ting. Det hadde vore vanskeleg i ei leilegheit.

## Meir tid å rutte med

Etter at ekteparet flytta frå garden, har dei fått meir tid. Garden kravde mykje arbeid, og huset var større enn det dei har no.

Karl Gunnar treng heller ikkje lenger å hente fram traktoren for å måke snø.

– Me har begge hatt full jobb. I tillegg har me engasjert oss i mykje forskjellig, så det er ofte tida som er avgrensinga. Når ungane blei større, merka me at me fekk meir tid til å gjere det me har lyst til. Nytt hus har også hjulpet, seier Karl Gunnar.

For Åse betyr det mellom anna meir tid i kjøkkenhagen. Samstundes er det viktig at hagen ikkje skal bli ein stressfaktor.

– Det er moro, men me ville ikkje ha ein hage som bind oss til å vere heime heile sommaren, seier ho.

Huset opplever dei som ein

# entrum



ALLE FOTO: Veronica Irmelin Ellingsen



**LÅVEN ER UENDRA:** Ekteparet har ein låve på tomta i sentrum. Tidlegare var dette eit småbruk.

god mellomting mellom gard og leilegheit.

### Trivst i sentrum

Som pensjonistar set dei pris på å bu nær det som skjer, i tillegg til at barn og barnebarn bur i nærleiken.

– Me har framleis moglegheit til å dra til garden, både for å sjå familien og for å vere i naturen, seier Åse.

Ho fortel at den største overgangen med flyttinga var avstanden til skogen.

– Skogen er ikkje like nær lenger. Eg har vorte vand med det, men det var noko eg sakna i starten. Fordelane med å bu i sentrum er likevel større enn ulempene, seier ho.

Ekteparet brukar mellom anna Gullbring mykje og set pris på at alt er lett tilgjengeleg.

– Det er kort veg til alt, eg synest det er kjempebehageleg. Der eg vaks opp, på Nesodden utanfor Oslo, måtte me alltid planleggje. Det var båt, trikk og mykje reising. Her kan eg i prinsippet reise fem på ni viss kinoen startar klokka ni, seier Åse.

Karl Gunnar trur kvardagen hadde sett annleis ut om dei framleis budde på Sanda.

– Eg trur ikkje eg hadde reist like mykje på treningscenteret viss me budde der oppe, avsluttar han.

905 77 431 isobygg.no

DIN LOKALE LEVRANDØR



**EIGE FIRMA:** Det er tolv år sidan Gunnhild Hagen starta sitt eige firma.

ALLE FOTO: Veronica Irmelin Ellingsen

# – Prosjekta rullar inn

## Økonomi og behov styrer bustadval. Nå vel fleire å tilpasse det dei allereie har.

Veronica Irmelin Ellingsen  
redaksjon@boblad.no

– Det er typisk at januar og februar er litt rolegare periodar, men frå mars har det vore mange oppdrag å få, seier Gunnhild Hagen.

I år er det tolv år sidan fagingeniøren starta firmaet «Tegnekontoret G. Hagen AS», og nå merkar ho at det er tid for bygging hos folk.

I travle periodar har ho gjerne meir enn ti prosjekt gåande samstundes.

– Det har vore veldig mykje å gjere i det siste, seier ho med eit smil.

### Starta for seg sjølv

Hagen gjekk bygg- og anleggslinja på fagskulen i Porsgrunn og er utdanna fagingeniør. Då ho var ferdig i 1997, byrja ho å jobbe for Asbjørn Buen, der ho teikna hytter.

Etter 17 år ønskte Hagen større utfordringar, og ho hoppa i det og starta sitt eige firma i 2014. I dag teiknar ho alt frå nybygg

og pumpehus til garasjar og tilbygg.

– Akkurat nå er det ikkje så mykje nybygg. Det er andre tider. Det går mest i tilbygg, påbygg, rehabilitering og ombygging, seier Hagen.

Mange ønskjer også å tilpasse bustaden til ein ny livsfase.

– Det er blant anna fleire som legg til rette for å kunne bu heime så lenge som mogleg når dei blir eldre, seier ho.

### Har to jobbar

Overgangen i arbeidsoppgåvene frå å teikne mange nybygg til fleire mindre prosjekt heng saman med økonomien til folk, meiner Hagen.

– Det er ofte lommeboka som styrer. Eg trur mange heller prøver å utnytte det dei allereie har, framfor å bygge nytt nå. Dei omdisponerer areal, særleg fordi det er uro rundt bustadlån og rente, seier ho.

Dette har gitt Hagen mykje å gjere, men ho fortel at bedrifta hennar har hatt både opp- og nedturar gjennom dei tolv åra ho har halde på. Derfor har ho også ein ekstrajobb i nettbutikken til Brukås sport.

– Det er fint å ha noko ved sida av, der eg ikkje har det same ansvaret. Eg får kollegaer og ein litt annan kvardag, dessutan jobbar eg etter behov slik det passar, seier Hagen.

Sjølv om det kan vere krevjande, set ho pris på fridomen ved å drive for seg sjølv.

– Ein veks mykje på å drive eige firma og handtere alle rollene sjølv, seier ho.

### Kan få vere kreativ

Arbeidet til Hagen gir rom for både utfordringar og kreativ utfolding.

– Det er prosjekt der ein får bryne seg litt og utfordre seg sjølv som eg trivast best med. I tillegg synest eg det er spennande å jobbe med kundar, for mange har gode idear. Eg får mykje inspirasjon, og det er givande å samle trådane og forme det til eit ferdig prosjekt, seier ho.

Fagingeniøren peikar også på at variasjonen i oppdraga gjer jobben ekstra interessant. Ingen prosjekt er heilt like, og kvar kunde har sine behov og ønskje.

### Skal snart flytte

Hagen held til i Stasjonsgata, rett over Power, der ho deler kontor med GS Byggetech – ein samarbeidspartnar ho har hatt i mange år.

No skal dei flytte vidare til det gamle Multilux-bygget i Sandavegen etter ti år i nåverande lokale.

– Det har gått fort. Det er ikkje lenge sidan me flytta inn, avsluttar Hagen.



**VARIERER:** Gunnhild Hagen fortel at det går både opp og ned i byggebransjen. Derfor har ho ein ekstra jobb ved sida av.



**TEIKNAR:** Hagen teiknar mykje påbygg og tilbygg for tida.

# Beste beliggenheten i Bø – 400 kvm til leie!

Tett inntil riksvei 36, med 8000 passerende biler hver dag.  
Passer til kontor, mindre butikk e.a.



## KONTAKT

Midt-Telemark Kommunale Eigedom AS  
Tlf: 915 44 913  
heha1312@mt.kommune.no

**DMK** Bygg & Eiendom AS

## Vi søker tømrere!

På grunn av økende oppdragsmengde og mange spennende prosjekter i Nome, søker vi 1-2 faglærte tømrere.



### Du må ha / være:

- Fagbrev som tømmer
- Gode holdninger
- Evne til å jobbe ryddig og strukturert
- Førerkort klasse B
- "Stå på"-vilje
- Ærlig og redelig

### Vi tilbyr:

- Godt og trivelig arbeidsmiljø
- Gode lønnsbetingelser
- Muligheten for relevant kompetanseheving
- Utvidet verktøypark
- Spennende og varierte prosjekter

For ytterligere informasjon, kontakt David André: Tlf: 97 77 10 80

# – Marknaden er i b

**Etter nokre litt labre år, får nokon i byggjebransjen nå inn fleire førespurnader på oppdrag og har ein ordreservert dei meiner er ”relativt grei”.**

Øystein Akselberg

oystein@bobl.no - tlf. 906 38 453

– Det er ei spennande tid, og me er ikkje over kneika enda. Den varsla renteauken bidreg ikkje akkurat positivt for marknaden.

Det seier dagleg leiar Tor Magne Nevestveit i Telemark Byggentreprenør.

Han skildrar ein bransje med fleire utfordringar i ein marknad der folk og bedrifter er forsiktige med å dra i gang større byggjeprojekt.

Firmaet har base i Brenna næringspark og har i dag 39 tilsette. Seks av desse er i bedrifta som lærlingar.

Telemark Byggentreprenør blei etablert i 2016 og fekk ein god start med 26 millionar i omsetning og eit overskot på litt over millionen det første året.

Allereie i år nummer to bikka selskapet 80 millionar i omsetning og måtte tilsette mange folk.

## Marknad i endring

I åra 2021-2022 hadde byggentreprenøren ei omsetning på rundt 100 millionar og klatra opp til 149 millionar i rekordåret 2024.

Både i fjor og i år har dei stabilisert aktiviteten på rundt 120 millionar kroner.

– Omsettinga i 2024 blei unormalt høg på grunn av fleire store prosjekt som blei avslutta. Me var meir spent på utviklinga i 2025, men fekk landa året rimeleg greitt, seier Nevestveit.

Han fortel at dei har rigga seg slik at dei kan ta oppdrag i eit vidare spekter for å få fleire bein å stå på.

– Marknaden som handlar om hytter og hus har gått drastisk ned, og me har retta innsatsen mot industri, næring og det offentlege, som til dømes skule og barnehage, seier Nevestveit.

## – Lysare tider

Bedriftsleiaren ser likevel betringar i marknaden.

– Me ser lysare på det og meiner me har ei betring, med fleire førespurnader enn for to år sidan då det var heller labert, seier han.

Akkurat nå har byggentreprenøren oppdrag på fleire bustadhus på Nordbøåsen. Dei er blant anna i sving på to einbustader



**PÅ BYGGJEPLASSEN:** Snikkar Henning Rønningsland (f.v.), lærling Jonatan Angre og prosjektleiar Stian Sveinsson i Nordbøåsen bustadfeltet.



**PÅ TOPPEN AV ÅSEN:** Nordbøbergja 202 ligg i kanten av bustadfeltet med utsikt mot to himmelretningar.

i Nordbøbergja, den ny delen av bustadfeltet.

Av andre bustadprosjekt har dei jobb både på Fredsteinberga i Roegrenda, på Stugumoen på Folkestad og i Lunde.

– Me har også eit middels stort prosjekt for Norsjø golfklubb med bygging av nytt klubbhus. Dette er eit artig prosjekt på 800 kvadratmeter over to etasjar, seier Nevestveit.

Han fortel om ein relativt grei ordreservert.

– Me er likevel sjølvstøtt avhengig av å få inn nye oppdrag, seier Nevestveit.

## – Gjennomført prosjekt

Lokalavisa blir med prosjektleiar Stian Sveinsson på eit av byggfirmaet sine byggeplassar i Nordbøåsen bustadfelt. Vegen går til Nordbøbergja 202, til det komande bustadhuset til familien Johnsen, ein familie på fem med mor frå Gvarv og far frå Bø.



**FLEIRE PROSJEKT:** Her er Telemark byggentreprenør i sving på ei anna tomt i Nordbøbergja.

– Dette er det me må definere som eit moderne funkishus, teikna av arkitektfirma Gartnerfuglen i Oslo, seier Sveinsson, og kan vise fram eit bustadhus på 320 kvadratmeter på ei flate, og med dobbelgarasje i bustadkroppen.

Prosjektet har eigen energi-brønn i grunnen og vassboren varme i alle golv.

– Her får dei naturen tett på med store vindaugsflater i to himmelretningar. Denne tomta

fortener eit bustadhus som dette, seier Sveinsson.

På jobb som snikkarar denne dagen er Henning Rønningsland og lærling Jonatan Angre frå Flatdal. Henning har ti år på baken i Telemark byggentreprenør og ti år i Midt-Telemark Entreprenør før det. Jonatan har vore utplassert i byggfirmaet i eitt år før han blei lærling frå sist haust av.

– Dette er eit godt gjennomtenkt prosjekt med høg kvalitet

# etring



stadfelt.

ALLE FOTO: Øystein Akselberg



**STORE VINDAUGSFLATER:** I denne delen av bustaden er det heile 21 breidde meter vindaugsflate.

og gode detaljar. Her er alt gjennomført, frå planteikning til ferdig bygg. Prosjektet gjev oss som jobbar her eit interessant spelorum å jobbe innanfor, seier Rønningsland.

Bustaden har på sine 320 kvadratmeter 28 hjørner og 21 breidde meter store vindauger i stovedelen. Det gjev mykje og god utsikt.

#### Vinterarbeid

Arbeidet på tomte starta sist haust og betongarbeidet stod på frå midten av november og fram til 21. desember.

Byggjearbeidet starta dermed første arbeidsdag på nyåret og sidan den gong har byggfirmaet hatt tre mann på byggeplassen.

Det har også vore eit samarbeid med innleige av ein mann frå Bø Byggteam.

Snikkarane fortel at dei har hatt ein heilt grei vinter i høve vær og føre også i forhold til ein ganske stor bygningsflate å halde orden på.

Ein gong til hausten kan familien som skal ha huset starte innflytting.

## Lokalt arkitektkontor med to erfarne sivilarkitekter

- tar små og større arkitektoppdrag og byggesøknader

- be om tilbud!

### NORSJØARKITEKTER AS

Strannavegen 460 3810 Gvarv tlf 3595 5600

post@norsjoarkitekter.no

www.norsjoarkitekter.no

- Vi setter verdi på Midt-Telemark



Tlf. 907 84 247

E-post: post@byggogtakst.no • www.byggogtakst.no

### Våre tjenester:

**TILSTANDSRAPPORT FOR BOLIG** Brukes ved salg av bolig

**VERDITAKST** Bolig, hytte, tomter

**FORHÅNDSTAKST** Prosjekter som skal finansieres

**NÆRINGSTAKST** Alle typer næringsbygg

**LANDBRUKSTAKSERING** Generasjonsskifte eller salg i åpent marked

**ANDRE OPPDRAG** Rapporter ved  
• Skade, tvistesaker  
• Andre eiendomsforhold

Vi har de nødvendige godkjenninger.



HYTTEOMRÅDE: Bråtenfeltet på Lifjell med innteikna hyttetomter.

FOTO: Eigedomsmeklar 1 Sør-Noreg AS

# Hytttefelt er til sals

## Ein eigedom med heile 29 tomter og eit lite småbruk er til sals på Lifjell.

Øystein Akselberg

oystein@boblad.no - tlf. 906 38 453

Då kommunedelplan for Lifjell blei vedteken i fjor, kom det kritikk frå fleire hald.

Kritikken gjekk på at hyttemarknaden blei strupa fordi planen var restriktiv til å gje løyve for fleire hytteområde, ettersom fleire areal som har vore tiltenkt

som hytteområde blei trekt tilbake.

Det er òg sagt om den siste lifjellplanen at det snart ikkje er fleire hyttetomter å byggje på.

Så dukkar det opp ei annonse frå Eiendomsmegler 1 på finn.no med overskrifta "29 hyttetomter på Lifjell til sals".

### Attraktiv eigedom

Næringsmeklar Bjørn Even Sørhaug i Eiendomsmegler1 Sør-Noreg AS trur tomteområdet som no er lagt ut for sal vil bli eit ettertrakta felt for nokon som ønskjer å byggje ut.

– At det er så få nye hyttetomter kan absolutt gjere denne

eigedommen attraktiv framover, seier Sørhaug.

Han legg til at det også kan skje ei utvikling der kommunar trekkjer tilbake planar med tanke på det grøne skiftet og motstand mot å byggje ut meir på fjellet.

Eigedommen som har blitt lagt ut for sal på Lifjell er imidlertid 29 godkjende hyttetomter som ligg inne i vedtekte planar for Lifjell.

### Utfordrande marknad

– Me må nok innrømme at fritidsmarknaden er utfordrande om dagen, men på sikt så skal dette betre seg med tanke på

at stadig fleire vil velje Noreg som feriedestinasjon i framtida. Lifjell er svært attraktivt med si høge plassering, snaufjell, gode skiløyper og slalåmbakke, seier meklaren.

Han peikar på at mange no bruker hyttene heile året, og at det er mykje som skjer i Midt-Telemark heile året. Dessutan har ein Sommarland.

– Eg trur at rette kjøpar her kan få til eit bra prosjekt og byggje hytter for sal. Det kan jo vere at vener og familiar ønskjer å sikre seg hytter i nærleiken av kvarandre, og her har dei moglegheiten til det. Hytttefeltet ligg i alle fall solrikt til med flott

utsikt, og med litt lågare renter og materialkostnader trur eg at etterspurnaden etter slike felt kome tilbake, seier Sørhaug.

### Eit stort felt

Tomtearealet er på 64 dekar og adressa er Almedalsvegen 155. Feltet ligg like nedanfor Lifjell skisenter sine løyper i Torillstul.

Det er tilkomst til eigedommen med bilveg frå Årmoddalsvegen.

Seljar og eigar er Råmunddal Invest AS ved Margit Magnus-hommen Råmunddal frå Kvite-seid, og prisantydning er på 4,75 millionar kroner



**GAMMALT SMÅBRUK:** Eigedommen på Bråtenfeltet inneheld småbruket Øvre Bråten.

FOTO: Privat





**HYTTEOMRÅDE BRÅTEN:** Her ser ein lokaliseringa i høve Lifjell skisenter på Torillstul.

FOTO: Eigedomsmeklar 1 Sør-Noreg AS



**REGULERINGSPLAN:** Bråtenfeltet i Almedalsvegen. FOTO: Avfotografering av reguleringsplan








# NOME HUS-OG HYTTESERVICE


## PÅ TIDE Å SJEKKE TAKET?


**Takvask, fasadevask og vedlikehold i Telemark**  
Få gratis befaring – raskt og uforpliktende







 [nomehhs.no](http://nomehhs.no)

 [46 34 79 53](tel:46347953)



F.v. Jonas Skåland Lia, Aud Elin Lio, Jens Gårderløkken Frida Henriksveen, Kjetil Midtbø, Lena Stadskleiv, Berit Seltveit.

**Skal du kjøpe  
eller selge  
bolig?**

Da er det en stor fordel å ha både en god rådgiver og en erfaren megler med på laget. I Bø samarbeider Sparebanken DIN Telemark og Lokalmegleren & Partners tett for å gi deg helhetlig veiledning – fra finansiering til ferdig handel.



**Sparebanken DIN Telemark**

[www.sparebankendin.no](http://www.sparebankendin.no)

**& LOKALMEGLEREN  
PARTNERS**

[www.partners.no](http://www.partners.no)

# Folk byter ut plast

**Fleire ønskjer eit plastfritt kjøkken. Det har ført til store endringar i kva butikkane sel.**

Veronica Irmelin Ellingsen  
redaksjon@boblad.no

– Trereisepak har auka veldig det siste året, og etterspørselen har truleg tredobla seg. Me har til tider slite med å få tak i nok, seier Oddny Norgaard.

Ho er butikksjef på Kitch'n Bø, der dei har sett tydelege endringar i kva kundane vel av produkt etter stadig fleire åtvaringar om mikroplast og kjemikalier i matlaging det siste året.

– Det går mest i steikespader, auser og skjerefjøl. I tillegg sel me mykje reint stål, som dørslag og stålkeljar utan belegg, seier Norgaard.

– Folk vil ha det dei oppfatar som trygt og haldbart, legg ho til.

## Vil byte ut alt

Fleire åtvaringar har det siste året peika på korleis mikroplast kan finne vegen inn i kroppen.

Ein studie frå Italia viser mellom anna ein mogleg samanheng mellom mikroplast i blodårer og høgare risiko for hjarte- og karsjukdom, slag og død, ifølgje Reuters. Slik informasjon har vore med på å drive fram det auka salet av tre- og stålprodukt.

– Nokre har kome inn og ville byte ut alt dei hadde på kjøkenet rett etter at dei leste nyheitene. Då måtte eg nesten spørje om dei også har tenkt å byte ut «boil in bag»-risen sin. Mikroplast finst i veldig mykje, men det er sjølvsagt ein god start å begynne med kjøkkenreiskap, seier Norgaard.

Kitch'n-sjefen opplever at endringa gjeld folk i alle aldrar, men at dei unge i særleg grad set seg inn i problematikken. Samstundes har prisen fått mindre å seie.

– Folk bryr seg ikkje om prisen når dei først skal kjøpe ny trefjøl. Det viktigaste er at ho varer. Mange ønskjer også treprodukt som toler oppvaskmaskin, og det begynner å kome no, seier ho.

## Vil ikkje ha plast

Butikken Steintøy & Parfymeri i Bøgata har også merka ein tydeleg auke i salet av silikon-, stål- og trereisepak.

– Folk følgjer med i media, og rundt jula 2024 kom det mykje fokus på trereisepak. Då skulle alle byte ut skjerefjøl og kjøkkenreiskap. Tilbords klarte ikkje å skaffe nok, det blei rive bort, seier butikksjef Monika Slåtta.



**BLIR BYTT UT:** Butikkmedarbeidar Hege Mæland og butikksjef Monika Slåtta fortel at plastprodukta forsvinn sakte, men sikkert frå butikken. **ALLE FOTO:** Veronica Irmelin Ellingsen



**ALLE SKAL HA:** Oddny Norgaard er butikksjef på Kitch'n Bø. Der har dei opplevd ei tredobling i sal av trereisepak.

Etterspørselen har også påverka kva butikkane tek inn av varer.

– Tilbords har investert i mykje nytt innan tre og stål, ofte kombinert med silikon. Plast er i ferd med å bli fasa ut. Det finst framleis litt, men langt mindre enn før, seier Slåtta.

– Det er nesten ikkje sal av plastreisepak lenger. Litt er det framleis, men no kjem dei fleste produkta i tre eller stål, og då vel folk det først, seier Norgaard.

## Andre alternativ

Eit anna alternativ som har kome på marknaden er skjerefjøl i cellulose – ein kompakt tremasse som liknar plast i utsjånad, men som er utan mikroplast.

– Det skjer mykje spennande

## FAKTA

### Mikroplast

Mikroplast er plastfragment som er mindre enn 5 millimeter.

Mikroplast kan vere produsert industrielt til bruk i blant anna kosmetikk, eller den blir danna ved at større plastbitar blir brekt opp til stadig mindre bitar på grunn av slitasje, UV-stråler, vær og vind.

i bransjen no som folk er blitt meir opptekne av kva produkta inneheld, seier Norgaard.

Sjølvsagt om utviklinga går i retning av mindre plast, finst det



**ANNA MATERIALE:** Stål, silikon og tre har blitt meir populært etter mange folk slutta å kjøpe plastikkredskaper.



**BLIR BYTT UT:** Eit anna alternativ som har kome er produkt av cellulose som liknar på plastikk.

framleis plastprodukt i butikkane.

– Me har fått ein del kritikk for at me framleis sel plast. Nokon trudde kanskje at me

kunne rydde det bort over natta, men det er ikkje eit forbod og nokon ønskjer å kjøpe det, så da må me ha det, seier Norgaard.



Vi forhandler **ideHUS**

Ta gjerne en tur innom på vår hjemmeside [tbeas.no](http://tbeas.no) eller på [idehus.no](http://idehus.no) der du finner et rikholdig utvalg av boliger, hytter eller garasjer.

Du kan også kontakte Kristian Eika på 45213811 eller på [kristian@tbeas.no](mailto:kristian@tbeas.no)

**TBE**

Telemark ByggEntreprenør AS

Din lokale byggentreprenør

Telemark ByggEntreprenør AS er entreprenør- og boligleverandør med kontoradresse Torshølvegen 8, 3810 Gvarv.

Vi har i dag 35 fast ansatte og har vårt nedslagsfelt i hele Telemark.

# Jon har bygd sitt



**TOMTA:** Groven & Karlsen gjorde grunnarbeid med veg og tomt. FOTO: Privat



**MIDTPUNKT:** Platespelar og vinylplater har fått ein sentral plass i musikkhuset.



**STOR HAGE:** Det er god plass til musikkhuset i hagen til Jon.



**GOD ARBEIDSPASS:** Her finn Jon inspirasjon og kan leike seg kreativt med musikk.



**KORT VEG TIL JOBB:** Musikar Jon Solberg treng ikkje gå langt for å kome på jobb.

## Stor takhøgde gir rom for tankar, ord og tonar. Det er viktig for musikar og låtskrivar Jon Solberg.

Gro Birgitte Røiland

gro@boblad.no - tlf. 930 22 398

– Har ein dette yrket, må ein ha ein plass å halde på. Elles blir ein veldig slitsam å bu saman med, seier Jon

Få steg frå heimen til Jon og familien i Breisås, har det kome opp eit musikkhus.

I Studio Skogkanten har han plass til å skape og produsere musikk, aleine eller i fellesskap med andre.

– Det er ikkje så stort, men når det trengst er det plass til eit heilt band, seier Jon.

### Musikkhus for andre gong

Det er andre gong Jon Solberg bygger musikkhus i hagen.

Første gong var i 2013, da familien budde i Bordvegen 103.

Våren 2022 kjøpte dei hus litt lenger bort i Bordvegen, framleis med skogen som nærmaste nabo på eine sida av tomta. Det er viktig for ein tur- og skogsglad mann som Jon.

Da det fyrste musikkhuset blei bygd i 2013, var han med på alt frå grunnarbeid til snikkar- og murarbeid.

Denne gongen valde han å sette bort det meste av arbeidet til profesjonelle.

At han kunne det, skuldast ein pensjonert rådgjevar i Sparebanken Din

### Augon ordna opp

– Ein gong sist på 1990-talet kviskra ein fugl at det var lurt

å sette inn pengar på fond. Eg ringde Augon Eika i banken, og han ordna sparing for meg. Så tenkte eg ikkje meir på det på 22 år, fortel Jon.

Kvar måned blei det trekt nokre hundrelappar til fondssparing. Da behovet for kapital til nytt musikkhus melde seg, kom Jon på sparinga. Det viste seg at nokre kroner kvar måned i 22 år hadde blitt til ein god slump pengar. Ikkje eit heilt musikkhus, men om lag to tredjedelar.

– Eg hadde nesten ein halv million kroner på fond. Det kom som julekvelden på kjerringa, seier Jon fornøgd.

### Mange har vore med

Arkitekt Håvard Gjernes ved Norsjø Arkitekter har teikna musikkhuset etter innspel frå Jon.

Hausten 2023 byrja arbeidet med å sette det opp.

Maskinfører Johan Bråthen hos Groven & Karlsen laga veg og grov tomt, og Kjell Tjønntveit

# Andre musikkhus



**TRE OG GLAS:** På det høgste er det 5,4 meter frå golv til tak i hagehuset til Jon Solberg.



**HAR FÅTT HJELP:** Denne gongen valde Jon å sette bort det meste av arbeidet med musikkhuset til profesjonelle.



**HUS MED KLANG:** Huset er bygd slik at Jon får den klangen han likar når han lagar musikk.



**GOD HØGDE:** Taket er så høgt at det også er plass til ein hems i musikkhuset.

ALLE FOTO: Gro B. Røiland

støypete såle. Tuddal Håndlaft & Hyttebygg, drive av Hallgeir og Vidar Olsen, gjorde snikkarjobben. Her var også lærlingar i sving. Det elektriske arbeidet blei utført av Elektropluss med Hans Sauar.

– Handverkarane har vore supre. Punktlege, drivande, erfarne og topp utført arbeid, seier Jon.

Sjølv mura han brannvegg bak vedovnen og la panel innvendig.

## Rom med klang

Grunnflata på musikkhuset er 35 kvadratmeter. Over halve arealet er det hems med plass til å lagre ting.

Jon har fått mange gode tips i prosessen av Eivind Aase, bandkollega frå Ni Liv, som har utdanna seg til tømrar.

– Eg hadde tankar om lafta veggjar og gras på taket. I staden blei det stavlaft og tretak, som gir eit strammare uttrykk. Etter tips frå Eivind blei det også svalgang, fortel Jon.

Klangen i rommet er viktig i eit hus laga for musikk. Treveggjar med trekvit glattpanel, vindaugane med store glasflater i ein ende av huset og stor takhøgde, gir klangen som Jon likar. På det høgste er det 5,4 meter frå golv til himling. På det lågaste 2,6 meter.

## Fungerer som det skal

– Takhøgda er fin for akustikken, tankane og hovudet. Store vindaugane slepper lyset inn og tankane ut. Det er viktig, seier Jon.

På forsommaren 2025 stod musikkhuset ferdig til bruk. Året som har gått viser at det fungerer slik det var tenkt, både for Jon aleine og saman med andre musikarar.

I huset i hagen blir det skrive tekst og komponert, spela inn, produsert og lytta til musikk tidleg og seint.

Delar av det nye albumet «Kom til meg» med Jon og Anne

Gravir Klykken er spela inn i Studio Skogkanten. Også andre har spela inn musikk der.

– Eg har tenkt at dette skal vera eit fint hus å spela inn live-musikk i, seier Jon.

## Platespelar og vinyl

Huset er også ein god stad for å slappe av og lytte til musikk.

I koronatida kjøpte Jon seg platespelar, etter å ha vore utan i mange år. Den har fått ein sentral plass i musikkhuset, saman med gamle og nye vinylplater.

Alle albuma med Ni Liv frå og med Langhelg i 2011, kom ut på vinyl. Å setta på ei vinylplate gir ei anna lytteoppleving enn digitale strøymetenester, meiner musikaren.

– Med vinyl tek ein tilbake det ein gjorde før, da ein hørde gjennom eit album i ein jafs. Det var ei historie som blei fortalt, ein samanheng, seier Jon Solberg.

3790,-



**GASSGRILL**  
Sunwind Vilja  
3 brennerar

SUNWIND

3990,-



**GRASKLIPPAR**  
Ryobi RY18LM37A-140  
Inkl. batteri 18V og ladar  
Før: 4790,-

RYOBI

12 390,-



**ROBOTKLIPPAR**  
Gardena Smart Sileno 600  
Treng ingen kabler, 600m<sup>2</sup>  
Veil pris: 14 990,-

GARDENA

FASTSPIKRA PRIS  
2990,-

**HØGTRYKKSIVASKAR**  
Kärcher K5 Basic. 145 bar, 500 l/t  
Før: 4490,-

KÄRCHER

1079,-



**VEGGLANGEBOKS**  
Gardena 25m  
Før: 1349,-

GARDENA

2490,-



**MULTIVERKTØY**  
Makita DTM52Z  
Før: 2890,-

Makita

MAKKERTILBUD  
1259,-

**FASADEMÅLING**  
Cello Oljemåling 9 liter  
Før: 1799,-

CELLO

MAKKERTILBUD  
174,-

**TERRASSEBEIS**  
Cello 2,7 ltr  
Før: 249,-

CELLO



BYGGMAKKER

SELJORD  
Vekanvegen 12, 3835 Seljord  
Tlf: 35 06 50 00 - Åpent: 7-16.30 (9-14)

www.byggmakker.no

Tilbudene gjelder fra 6.-10. mai 2026

En komplett byggentreprenør for alle dine behov  
Vi hjelper deg med ditt neste prosjekt.

Vi hjelper deg med  
ditt neste prosjekt.



### Bistand med byggesaker

Vi tar hånd om byggesøknader og sørger for at alt går riktig for seg. Vi hjelper deg så du slipper stress og ekstra arbeid.



### Nybygg og hyttebygg

Vi bygger både hus og hytter etter dine ønsker, og følger prosjektet helt fra start til slutt.



### Tilbygg og rehabilitering

Har du behov for mer plass eller vil pusse opp et eldre bygg? Vi hjelper deg med å bygge tilbygg som passer, og oppgraderer huset slik at det blir både fint og funksjonelt.



**Byggtech**  
GS Byggtech AS

☎ 48 628 000 / 99 499 999

✉ post@gsbyggtech.no

📍 Stasjonsvegen 17, 3800 Bø i Telemark



# Huset med 54 rom



**Med over 900 kvadratmeter buareal og 12 bygningar på tunet, har Per og Monica godt med boltreplass.**

*Gro Birgitte Røiland*

*gro@boblad.no - tlf. 930 22 398*

På høgda bak Gåra og Valen skule ligg eit stort og staseleg våningshus med mykje historie.

Her har det budd og vanka folk som i over hundre år har sett spor etter seg lokalt og nasjonalt, både innan lokal og nasjonal politikk og kultur.

Garden er ifølgje Bøsoga truleg blant dei eldste i grenda, med mange gravhaugar tett på tunet. Nå har eigedomen vore i same slekt sidan 1688, da Erik Saksesson kjøpte garden.

Per Esko Hestetun (45) overtok i 2014 og flytta inn i 2017. Her bur han saman med Monica Halsteinsgard Kaasa (47) og sonen deira Neri på fem år.

## **12 bygningar**

Da Per voks opp på Valen, budde familien fyrst i det raude huset der foreldra Hannele og Neri Hestetun bur nå, og seinare i det store kvite hovudhuset. Garden har nemleg 12 bygningar med stort og smått.

På Valen er det to bustadhus, låve, vognskjul, to stabbur, fruktlager, vedskjul, lagerbygg, utekjellar, badstove og smie, dei to siste frå 1700-talet. →

**PÅ TUNET:** Per Esko Hestetun, Monica Halsteinsgard Kaasa og Neri Kaasa Hestetun (5) på tunet.

**FOTO:** Gro B. Røiland



**UTHUS:** Bøsoga fortel at det blei bygd nytt uthus i 1920, som seinare blei påbygd. Uthuset har både låve og fjøs.



**GAMLESTOVA:** Stova i andre etasje er innreidd med kronesenger, langbord og framskåp i gamal stil.



**ARRESTEN:** Eldste delen av dette huset blei bygd som lensmannskontor til Halvor Hellekson Valen, som blei lensmann i 1895.



**DAGLEGSTOVA:** Dette er daglegstova for familien på tre. Her har dei miksa moderne og eldre interiør.

Hovudbygningen er bygd i to omgangar. I 1905 fekk tippoldeforeldra til Per, Anne og Halvor Hellekson Valen, sett opp eit våningshus i sveitserstil. I 1920, da oldefar Neri Valen hadde overtatt garden, blei huset bygd på.

Byggmeister var Halvor J. Stadskleiv, som under arbeidet datt ned og skada seg så alvorleg at han døydde kort tid etter.

#### Arresten

Det raude bustadhuset blei bygd som lensmannskontor og har kallenamnet arresten. Tippoldefar Halvor Hellekson (1849-1911) var lokapolitikar, ordførar


og frå 1895 lensmann i Bø. Soga fortel at lensmannen ikkje kunne ha kontor i huset han budde i og dermed blei arresten bygd. Seinare blei arresten utvida og brukt som bustad.

Hovudhuset har ei grunnflate på gode 300 kvadratmeter, og frå kjellar til loft er det fire etasjar. Det er mange rom i huset på Valen.

– Eg låg ei natt og fekk ikkje sova, og da byrja eg å gå gjennom huset i hovudet. Eg kom til 54 rom, fortel Per.

#### Fyrer med ved

I det daglege brukar familien bare ein liten del av huset. Ved-



**I BIBLIOTEKET:** Per og Monica har behalde mykje av det gamle interiøret, som her i biblioteket.

fyring er den viktigaste oppvarmingskjelda. Sjølv om det er tre piper og mange vedomnar, står dei fleste romma kalde gjennom vinteren.

Opphavleg var det over 20 eldstader i huset. Nå kan dei fyre i 13 omnar. Over heile huset finn ein gamle, flotte etasjeomnar frå Ulefos jernverk.

– Det er koselege å fyre opp i fleire rom i helgene, men i det daglege varmar me opp femseks rom, fortel Monica.

#### Mange stover

Blant dei mange romma er det fire staselege stover på rad. For å

skilje stovene frå kvarandre, blir dei kalla daglegstova, peisstova/biblioteket, finstova og stova i andre enden.

I andre høgda har dei gamlestova, med faste kronesenger, langbord og anna interiør i 1800-talsstil.

Her heng også bilde av tippoldeforeldra Mari (1820-1884) og Hellek Hellekson Valen (1812-1896).

#### – Kan ikkje vera perfektjonist

Monica flytta til Valen i 2020. Ho har vakse opp i byggefelt på Gvarv, men trivst godt med å bu på gard og i gamalt hus.

– Det har sin sjarm, eg likar å bu i dette huset. Men ein kan ikkje vera perfektjonist, ein må konsentrere seg om dei romma ein brukar, seier Monica.

Huset har to kjøkken, eit i kvar ende av huset.

Da Per overtok, valde han å ta i bruk eit anna kjøkken enn førre generasjon og pusse opp i ein stil som passa kjøkkeninnreinga frå 1960-talet.

– Eg fekk Schia møbelsnekkeri til å lage nye skåp som passa saman med dei gamle, fortel Per.

Han har også bytta ein del vindaug og golv. Da foreldra hadde huset og garden, blei også



ALLE FOTO: Gro B. Røiland

fleire vindauge bytta og ikkje minst blei det lagt nytt tak.

**Heim med historie**

Heimen til Per og Monica ber preg av tidlegare generasjonar og spennande historie.

Mykje av interiøret er nedarva frå huset blei bygd og lenger tilbake, blanda med møblar i meir moderne stil.

Nokre av stovene er som dei var lenge før Per overtok. Her finn ein særprega lamper ramma inn av gipsrosetter, fine gamle tapetar, bokhyller fulle av gamle bøker, elegante handlaga møblar og kunst på veggane.

Ein praktfull gamal julekaktus i finstova er arv etter oldemor Ingebjørg Vaa. Ho tok med kaktusen til Bø frå barndomsheimen i Kviteseid, fortel Per.

Både Per og Monica er opp-tatt av å ta vare på historia, samtidig som huset er eit brukshus.

– Det er ein del rom her eg tenker at det ikkje skal gjerast så mykje med, seier Monica.

**Neri Valen**

Fleire stader i huset finn ein portrett av oldefar Neri Valen (1893-1954), sentral politiskar lokalt og nasjonalt gjennom fleire tiår.

Neri var utdanna i landbruks- og skogbruksfag både i Noreg og USA, og overtok heimgarden i 1919. Han var gjennom mange år ein markant politiskar og leiar i Venstre, og 1931 blei han fyrste gong valt inn på Stortinget.

Neri Valen var også viktig i arbeidet med å få gymnas til Bø. I 1958, fire år etter at han døyde, blei det avduka ei bronsestatue av han i heilfigur ved kommunehuset, laga av Dyre Vaa.

Neri var gift med Ingebjørg Vaa, syster til bildehoggar Dyre Vaa og lyrikar Aslaug Vaa. I huset på Valen er det mange spor etter Neri Valen, mellom anna



**KJØKKEN:** Monica på kjøkkenet, som er pussa opp i gamal stil. Skåpa til venstre er laga av Schia møbelsnekkeri, dei til høgre er frå 1950-60-talet.



**FINSTOVA:** Per og Monica i finstova.



**STASELEG GANG:** Staseleg gang som bind saman mange rom i det store huset. Også her er det ein etasjeomn frå Ulefos jernverk.



**TUMLEPLOSS:** Neri (5) har stor tumleplass og mange gullbostar å plukke i den store hagen på Valen.

portrett teikna av niesa Anne Raknes, bildekunstnar, og byster laga av Dyre Vaa.

På loftet finn me han på eit gruppebilde som viser Det norske storting 1931-1933.

Arkivet etter Neri Valen er gitt til Bø museum.

**Bonde på heiltid**

Mens Monica jobbar som sjukepleiar på Lysaker i Bærum, er Per bonde på fulltid og driv med eple, korn og solbær. Frukt er hovudsatsinga.

Han er femte generasjon fruktbonde på Valen og har nå 45 mål med epletre. Tippolde-

far Halvor Hellekson grunnla den fyrste frukthagen på Valen i 1908 med 60 tre, fortel Bøsoga.

Med tolv bygningar på garden er det mange å hus å ta vare på. Eit prosjekt nå er å sette i stand den gamle tømra smia frå 1700-talet.

– Eg har byrja med det eldste bygget, det som hastar mest, seier Per Esko Hestetun.

Smia er plukka ned og tømmerstokkane ligg på lager i påvente av å kome opp att. Nyleg fekk Per 58.000 kroner av Kulturminnefondet til fyrste del av arbeidet med å redde den 300 år gamle smia på Valen.



**SELD:** Stugumoen 26 (første etasje) har bytta eigar i løpet av april.

BEGGE FOTO: Hilde Eika Nesje

## Kjøp og sal av eigedom i Midt-Telemark

### Det har vore fleire eigedomsoverdragingar i Midt-Telemark i april. Her får du oversikta.

Verksvegen 20 (Gnr 188, bnr 76) er overdrege frå Astrid Innleggen til Olav Innleggen og Bjørg Soterud (31.03.2026)

Andel av Verksvegen 20 (Gnr 188, bnr 76) er overdrege for kr 1.250.000 frå Bjørg Soterud til Olav Innleggen (31.03.2026)

Hellåsen 42 (Gnr 9, bnr 281) er overdrege frå Grete Lill Hansen til Geir Helge Eika, Gunnar Eika og Kristin Eika (31.03.2026)

Haugenjordet 5 A (Gnr 177, bnr 7, seksjon 2) er selt for kr 1.850.000 frå Ragnhild Grindekåsa til Nina Røland (07.04.2026)

Salet omfattar også andel av Gnr 177, bnr 7, seksjon 9

Høgefjellvegen 162 (Gnr 10, bnr 77) er selt for kr 1.500.000 frå Eva Vildalen og Olav Reidar Vildalen til Hans Martin Lien og Ole Gunnar Lien (07.04.2026)

Andel av Nordbølia 48 (Gnr 54, bnr 122) er overdrege for kr 1.338.654 frå Marianne Trydal Askje til Jørgen Holte Lauvland (07.04.2026)

Bjørnskåsvegen 2 (Gnr 117, bnr 42) er selt for kr 1.700.000 frå Lene-Monique Siljan Bratsberg og Franz Joachim Adrian Zscharneck til Charlie Hay og Dagny Hay (08.04.2026)

Andel av Midtre Borgvin 40 (Gnr 51, bnr 198, seksjon 50) er overdrege for kr 1.135.134 frå Faruq Ibrahim til Trine Eidissen (07.04.2026)

Andel av Høibøvegen 69 (Gnr 53, bnr 278) er overdrege frå Eiliv Astad til Harald Berg Astad og Ragnhild Savina Berg Astad (10.04.2026)

Overdraginga omfattar òg Høibøvegen 67 (Gnr 53, bnr 279)

Overdraginga omfattar òg Høibøvegen 61 (Gnr 53, bnr 281)

Andel av Bakåsvegen 115 (Gnr 37, bnr 5) er overdratt for kr 2.325.000 frå Jan Roar Aakvik til Margrete Bråthen (13.04.2026)

Eikelundvegen 16 (Gnr 53, bnr 266, seksjon 11) er selt for kr 2.400.000 frå Jonathan Schei Heyerdahl og Solveig Nymoen til Ayeza Rubab Ranjha (17.04.2026)

Strannavegen 98 (Gnr 192, bnr 10) er selt for kr 2.350.000 frå Nina Røland til Lars Johannes Teksten (20.04.2026)

Andel av Vreimsida 641 (Gnr 26, bnr 12) er overdratt til Øy-

vind Erikstein og Elisabeth Follegg Erikstein (21.04.2026)

Overdraginga omfattar òg andel av Gnr 26, bnr 19

Uvdalvegen 145 (Gnr 61, bnr 11) er overdratt frå Hans Kåre Fosslund til Synøve Fosslund (22.04.2026)

Stugumoen 26 (Gnr 9, bnr 548, seksjon 5) er selt for kr 3.100.000 frå Margrete Andersen til Ole Bjarne Liljedahl (27.04.2026)

Andel av Lifjellvegen 196 (Gnr 18, bnr 48) er overdratt frå James Richard Stensby Fountain til Marte Stensby Fountain (27.04.2026)

Overdraginga omfattar òg andel av Lifjellvegen 198 (Gnr 18, bnr 83)

Hetterudvegen 9 (Gnr 191, bnr 9) er overdratt for kr 5.625.000 frå Tor Olav Ødegården til Tone Bekkhus Ødegården (27.04.2026)

Overdraginga omfattar også gnr 191, bnr 10

Overdraginga omfattar også gnr 191, bnr 20

Overdraginga omfattar også gnr 191, bnr 28

Overdraginga omfattar også gnr 191, bnr 48

Overdraginga omfattar også gnr 191, bnr 149

Overdraginga omfattar også gnr 191, bnr 214

Overdraginga omfattar også

Ødegårdsvegen 15 (gnr 191, bnr 243)

Overdraginga omfattar også Ødegårdsvegen 24 (gnr 191, bnr 273)

Gnr 47, bnr 243 er overdradd frå Bjørn Kaasa til Else Groven Kaasa (27.04.2026)

Overdraginga omfattar også gnr 47, bnr 268

Folkestadvegen 319 (gnr 9, bnr 44) er overdradd frå Arne Tjæreberget til Jorunn Beate Tjæreberget (27.04.2026)

Overdraginga omfattar også gnr 9, bnr 585

Trytetjønnevegen 29 (gnr 9, bnr 349) er selt for kr 3.100.000

frå Robin Jakobsen til Micael Saga Lundevall og Marit Ballestad (28.04.2026)

Flatinvegen 99 (gnr 50, bnr 41) er selt for kr 3.600.000 frå Halvor Harald Lommerud til Kristine Jade Barba og Ole Marius Nordhus Landsverk (30.04.2026)

Liagrendvegen 26 (gnr 104, bnr 30) er selt for kr 3.290.000 frå Ole Bjarne Liljedahl til Ole-Johnny Furu Grande og Synne Tveiten (30.04.2026)

*Levert av Ambita as*



**SELD:** Eikelundvegen 16 (første etasje) har fått ny eigar i april.

# sør arkitekter

Arkitekter

Interiørarkitekter

Landskapsarkitekter

Arealplanleggere



post@sorarkitekter.no

tlf. 350 29500

## Romslig, nytt og lekkert!



Velkommen til vafler på terrassen - Lektorvegen 20

Fra hjem til hjem

**Når høy komfort ikke lenger er et ønske, men en standard! Stor stue, 3-romslige soverom. Energibrønn | Carport, bod & låsbar sykkelbod mm. Kun 2 igjen**

PRISANTYDNING

**Fra 2 775 000**

Fellesugifter pr mnd uten f.gj kr 4007,- + valgfri andel felles gjeld. Fellesgjeldens størrelse kan tilpasses etter ønske.

BRA-I/ BRA TOTAL  
102/ 107 m<sup>2</sup>

TOMT  
985 m<sup>2</sup> eiet

BYGGEÅR  
2024/25

OMKOSTNINGER

Kr 18 632,-

TOTALPRIS

Kr 5 488 632,-

BOLIGTYPE  
Leilighet

VELKOMMEN PÅ VISNING  
Torsdag 7. mai kl. 16.30-17.30



Jeanette Arnesen-Eriksrød  
Markedsansvarlig Fritid / Senior  
Eiendomsmeidler  
+47 900 27 026  
jeanette.arnesen-eriksrod@dnbeiendom.no

**DNB Eiendom**

# Trygghet når du trenger elektriker

Hos oss kan du føle deg trygg på at jobben er utført av dyktige fagfolk. Vi har bred kompetanse innen blant annet Smarthus, belysning, solceller, el-kontroll og termografi, og leverer alt av elektrotjenester til private og næring.



Visste du Elfag-elektrikeren garanterer kvaliteten av sine arbeider, materialer og utstyr i fem år?



mittek-as.no  
Tlf. 35 10 24 00  
post@mittek-as.no



## Solskjermingssesongen er nå i gang!



Ta kontakt for  
**GRATIS  
BEFARING!**



Vi leverer norskproduserte kvalitetsprodukter for ute- og innendørs solskjerming og har mer enn 30 års erfaring i bransjen.

Kvalitetsprodukter fra Bø Markiseindustri – levert og montert av Mitek.



**Gode priser hele året!**

post@bomarkise.no Tlf. 35 10 24 00

En del av  mittek-as.no



# VÅRTILBUD HOS BO-SENTERET, SELJORD



## DREAM COMFORT KONTINENTALSENG

Gavl i tillegg.

150x200 cm **TILBUD 10 990,-**  
Ord. kr 22 190,-  
180x200 cm **TILBUD 12 990,-**  
Ord. kr 26 190,-

Denne kontinentalsengen gir deg støtten du trenger med soneinndelt pocketfjærer som tilpasser seg kroppen. En prisgunstig favoritt for deg som vil sove bedre uten å betale mer.



## SVANE ELEGANCE KONTINENTALSENG

Inkl. ben og Earth Elastec overmadrass.

150x200 cm **KUN 16 990,-**  
Ord. kr 32 299,-  
180x200 cm **KUN 22 490,-**  
Ord. kr 41 899,-

Når du sover i en Svane seng, kjenner du forskjellen. Den skiller seg ut med avansert soneinndelt støtte, fleksibel fasthet, to fjærsystemer, norsk kvalitet og lang levetid.



## SVANE ZIERRA

150x200 cm **KUN 31 990,-** Ord. kr 56 199,-  
180x200 cm **KUN 33 990,-** Ord. kr 61 999,-

En toppmodell med pocket sonesystem og IntelliGel. Når kun det beste er godt nok!

Zierra inkl. Svane Earth Elastec overmadrass og ben.



## KARMA CLASSIC REGULERBAR SENG

120x200 cm **TILBUD 16 999,-**  
Ord. Kr 30 717,-

Fantastisk regulerbar seng med 5 soners pocket fjærsystem, lydsvak motor fra Okin, trådløs fjernstyring og tykk overmadrass.

Gavl **TILBUD 3 575,-** Ord. Kr 7 150,-

## DE RAMMESENG FRA FURNICO

120x200 kr 7 890,- **Tilbud: 4 990,-**  
90x200 kr 6 690,- **Tilbud: 4 390,-**  
75x200 kr 5 890,- **Tilbud: 3 890,-**

Komplett med ben og overmadrass. Bonell fjærsystem.



## ALLE OVER-MADRASSER FRA SVANE OG KARMA LUX LATEX

Oppgrader sengen til ny luksus-følelse.

**Nå**  
**÷ 50%**  
Rabatt



Husk

**÷ 30%**

PÅ HELE VÅR LAMPE-  
AVDELING!

GJELDER  
OGSÅ ALT AV  
LYSPÆRER!

## KINGSTON HJØRNESOFA



**Tilbud**

**KUN 14 995,-**

ord. 19 495,-

Dette er sofaen med small pocket i seteputene. Her er det fokus på komfort. Kan leveres i flere fine stoff og farger. Også andre oppsett, som en 3 seter.

Legg merke til de behagelige armleddene.

230x250 cm. Vendbar.

## STAFFAN 3 SETER RECLINERSOFA



**Tilbud**

**KUN 10 990,-**

ord. 13 790,-

Dette er sofaen som løfter VM til nye høyder!

Manuell regulering av rygg og fothviler. Bredder 198 cm.

**BoSenteret as**



**SISTE FELT:** Det siste trinnet av Nordbøåsen bustadfelt ligg inne lysløypa på åsen.

# Klart for innrykk i nytt

**Utbyggjar har investert mange millionar for å gjere bustadfeltet øvst i åsen klar for bustadmarknaden.**

Øystein Akselberg

oystein@boblad.no - tlf. 906 38 453

Siste og fjerde byggetrinn i Nordbøåsen bustadfelt er nå ferdig bygd ut. Her finn ein all nødvendig infrastruktur, som veg, vatn, avløp, straum og fiber, men ikkje så mange hus ennå.

Status viser at det er bygd 1.250 meter samleveg, 800 me-

ter gang- og sykkelveg og fortaug. Feltet har dessutan 60 lyspunkt langs desse vegane.

## Stor satsing

Bustadfeltet, som ligg innanfor skibrua, og dermed inne i lysløypa, er bygd ut med i alt 59 tomter pluss 28 bueingar i konsentrerte

te felt. Det betyr alt i alt 87 nye bueingar.

– 21 av desse er allereie seld, seier Vigdis Elida Moland Verpe, styremedlem i utbyggjarselskapet ITV Eiendomsutvikling AS.

Ho opplyser at fleire av tomtesala er til entreprenørar.

Storleiken på tomtene i feltet varierer mellom 790 til 1.000 kvadratmeter, og infrastruktur og vegar er som tidlegare utført av Tveito Maskin AS.

– Investeringa for det siste feltet er på rundt 35 millionar kroner, seier Moland Verpe.

Ho legg til at totalt er det investert cirka 160 millionar kroner i Nordbøåsen bustadfelt.

## Ulike typar bustader

Dei nye tomtene i bustadfeltet fordeler seg mellom einebustader og bueingar i konsentrerte felt.

– Totalt vil heile Nordbøåsen bustadfelt telje rundt 350 bueingar når alt er ferdig utbygd, opplyser utbyggjaren.

I tillegg til dei siste ledige tomtene gjenstår også eit konsentrert felt på cirka sju mål med

28 bueingar. Dette er tomt nummer 21 i feltet.

Dette prosjektet er ennå på skissestadiet, noko som betyr at ein ikkje er heilt sikker på talet på bueingar ennå.

– Me håpar å setje i gang bygging på dette feltet i inneverande år, seier Moland Verpe.

## Mange er interesserte

Utbyggjar kan også fortelje at dei har fleire interessentar på dei ledige tomtene, og at dei får mange gode tilbakemeldingar.

På feltet som er sett av som



FOTO: Webies v/Thawng Za Kung



**NYTT BYGGEFELT:** Bustadfeltet er bygd ut med all infrastruktur på plass. FOTO: Øystein Akselberg



**STOR TOMT:** Denne tomte er sett av til konsentrerte bueinngar. FOTO: Øystein Akselberg



**STORT BUSTADFELT:** Nordbøåsen bustadfelt vil telje 350 bueinngar når det er ferdig utbygd. FOTO: Øystein Akselberg

# bustadfelt

konsentrert felt skal det kome fleirmannsbustader, som betyr firemannsbustader

Dette er tilsvarande dei to bygga som heiter Nordbøhagen. Dei er ferdigstilt, og seks av åtte einingar er seld. Det blir også meldt om interesse på dei to som er ledige.

Ei tomte (nummer 46) har kommunen kjøpt med plan om eit felt for konsentrert busetnad. Dette feltet bestod opprinneleg av tre tomter.

Ei stor tomte (nummer 113) er også delt opp i sju bustadtomter.

– Det har blitt eit flott bustadfelt her, med mykje sol for alle og god utsikt jo lenger opp i feltet ein kjem, seier ITV Eiendomsutvikling AS.

Fleire bilde frå det nye feltet i Nordbøåsen bustadfelt kan du sjå i nettavisa til Bø blad, på bōblad.no.

**TOMTEKART:** Nordbøåsen bustadfelt, siste etappe. Grøn farge markerer dei ledige tomtenne. FOTO: ITV Eiendomsutvikling AS



# Vedfyrt varme for beredskap, komfort og trygghet

Vi gjør jobben  
fra idè til  
montering



Har du fortsatt åpen peis?

**Velg peisinnstas  
fra KEDDY**

Peisinnstaset fra Keddy kan enkelt settes inn i åpen peis, og kan erstatte de fleste peisinnstaset fra Dovre og Jotul.

Priser fra kr 30.190,-

Vi tilbyr også rørpakke til oppgradering av piper til pen peis og ildsted med toppmontering.



**Snakk med oss om store peiser**

Se vårt utvalg fra Romotop, Spartherm og Austroflamm

**Keddy 600/900**

Peisovner med integrert tilluft. Perfekte til nye lavenergi hus



Gratis  
befaring



**Stålpiper og  
rehabilitering**

Det hjelper ikke å ha verdens beste oven hvis pipa ikke fungerer godt nok.

Vi tilbyr stålpiper og tilbehør til de fleste behov.

Befaring – montering – dokumentasjon  
= Vi gjør alt, fix ferdig

**S-varme**<sup>®</sup>

Peiser | Piper | Ovner  
Matovn | Utevarme

Dyrskuvegen 4 | 3840 Seljord  
Tlf. 35 08 41 00 | post@s-varme.no

**s-varme.no**



## Vi kjenner nabolaget ditt!

Våre dyktige meglere hjelper deg med ditt **boligsalg eller kjøp**. Ta kontakt med oss i dag på telefon **35 95 01 00** eller besøk oss i våre lokaler i Bøgata 49 sammen med SpareBank 1, for en hyggelig boligprat!

[www.eiendomsmegler1.no/telemark](http://www.eiendomsmegler1.no/telemark)

**EiendomsMegler 1**  
TELEMARK

# DYKTIGE FAGFOLK

## KAASA BOLIGTAKST AS

Planlegger du oppgradering av bolig?

VI TILBYR  
MINDRE  
TØMRER-  
OPPDRAG

PROSJEKTOLEDELSE  
- HENTER INN PRISTILBUD,  
KOORDINERER ENTREPENØRER  
OG SIKRER FREMDRIFTSPLAN

VI TILBYR  
TAKST!



911 06 546  
post@kaasaboligtakst.no



## JAKOBCZYK MALINGSERVICE

ØNSKER DU Å PUSSE OPP INNVENDIG, ELLER MALE HUSET DITT?  
VI PÅTAR OSS OGSÅ UTVENDIG HUSVASK.

 RING MAREK 993 45 403



**Pedersen**  
Byggløsninger

SNEKKER - 913 66 087




## TBE

Din lokale byggentreprenør  
Telemark ByggEntreprenør AS

Vi forhandler **ideHUS**

Sjekk ut vår hjemmeside [tbeas.no](http://tbeas.no) eller [idehus.no](http://idehus.no) der finner du et rikholdig utvalg av boliger, hytter eller garasjer.






**EIN DEL AV TUNET:** Stabburet på Nordre Skobba gard er rundt 200 år gammalt.



**RESTAURERINGSARBEID:** Heile stabburet er heisa opp og understellet bytta ut.



**VIKTIG DEL AV TUNET:** Stabburet på Nordre Skobba med gardeigaren plassert på stabburstrappa.



**PÅ STABBURSTRAPPA:** Oddmund Hjukse ved restaureringsprosjektet på garden.

# – I barndommen min v

**Han bur i Oslo, men eig gard i Midt-Telemark. Som pensjonist har Oddmund Hjukse fått meir tid til å restaurere dei gamle bygningane.**

Øystein Akselberg

oystein@bobladd.no - tlf. 906 38 453

– Eg tenkjer på garden som eit hobby-bruk, seier Oddmund Hjukse (69).

Han er gardeigar på ein eigedom som ligg langs Sauheradvegen utanfor Akkerhaugen. Garden Nordre Skobba har 84 mål jord og leiger i tillegg ut 20 mål, som i dag blir nytta til korn. For

inntil 15 år sidan var det også frukttre på eigedomen.

På garden står eit bustadhus, ein stor låve, det gamle stabburet og ei mindre stove. Deler av låven blei modernisert på 1980-talet.

Nå får eit 200 år gammalt stabburet, påverka av tidas tann, hjelp til å stå imot vêr og vind i fram-

tida. Både rådgjevarar, handverkarar og gardeigar sjølv har den siste tida vore i sving for å restaurere det gamle bygget.

### Fleire gamle bygg

Stabburet har lenge hatt behov for litt ekstra god behandling. Grima, også kalla understellet, som sjølve stabburet står på har blitt bytta ut. Heile stabburet blei da løfta opp og underlaget grove ut og drenert, før ny masse blei fylt på.

– Restaureringa er eit treårsprosjekt med tilskot frå landbrukskontoret i kommunen. Grima blei bytta ut i fjor haust og i år skal det gjerast tiltak på sville-

stokkar, stabbar og veggstokkar fleire plassar, samt steintrappa, seier Hjukse.

Han har fått med seg Hans Sundsvalen som rådgjevar, og Kai Bråten og Kjell Magne Veamyr på maskinarbeid. Tømmerarbeidet gjer Hjukse sjølv.

Tilskotsdelen er 40 prosent av kostnadsoverslaget på restaureringsarbeidet.

Far til Oddmund Hjukse, John Hjukse, var frå Hjuksebø og overtok bruket tidleg på 1950-talet etter at ein bror omkom i ei ulykke. John var etablert i Oslo, men overtok etter kvart drifta av bruket.

– Far hadde ei bestemor som budde på garden, så noko tilknytting har familien vår til garden. Sjølv tok eg over i 1993, seier Hjukse

Hjukse er nå pensjonist med bupel i oslo. Han har jobba innan landbrukssektoren i økonomifaget for NIBIO, Norsk institutt for bioøkonomi.

### Vil halde det i hevd


Bustadhuset på garden er oppført rundt 1860, men har ei eldre tømmerkjerne som kan ha blitt flytta til garden. Det har seinare blitt bygd på og tømmerdelen kledd inn.



**NORDRE SKOBBA:** Bustadhus frå rundt 1860.



**VED AKKERHAUGEN:** Garden ligg fint til langs Sauheradvegen med utsikt mot Norsjø.



**GARDEIGAR:** Oddmund Hjukse er gardeigar på Nordre Skobba gard.

ALLE FOTO: Øystein Akselberg

# var dette ein ferieplass

– Eg må innrømme at eg ser ei interesse i å halde det i orden og bevare særpreget på alle bygningane her på garden. Eg trur at det er greitt å ha ei interesse for dette for å stelle ting i stand, seier Hjukse med eit smil.

Han har funne årstalet 1854 innrissa i eit vindauge og 1864 i ein takstein, men trur at det er sannsynleg at tømmerdelen av bustadhuset er eldre.

– I barndommen var dette ein feriestad for familien, og nå er eg her stort sett for å gjere forskjellig arbeid på åkrane eller i husa, seier gardeigaren.

## – Prisverdig arbeid

Rådgevar Hans Sundsvalen har vore på synfaring og gjeve råd for tiltaket ved stabburet på Nordre Skobba.

– Det er svært prisverdig at gardeigaren steller i stand det gamle buret. Det høyrer absolutt med til tunet på garden og har si historie. Det står der for ein grunn. Det var matforråd nede og soverom oppe tidlegare, seier Sundsvalen.

Han peikar på at dette stabburet har ein mindre utkraging i andre høgda i staden for ein svalgang som var vanleg i tidene før dette. Sundsvalen kan dermed

slå fast at buret er omlag 200 år gammalt.

– Det er svært bra at gardeigar sjølv kan læres seg dette tømmerarbeidet, sidan han har både tid og lyst til å gjere det, seier Sundsvalen.

Han peikar på at det var viktig å få utbetre og heva undergrimen på stabburet, eller underbunaden som nokon kallar det.

– Med tett tak og understellet i orden er det ingen umiddelbar fare med resten av buret. På lengre sikt må også nokre av veggstokkane ordnast sidan dei er angripte av husbuk, seier Sundsvalen.



**GAMMAL GARD:** Nordre Skobba gard på Akkerhaugen.



**FORNYING:** Har du eldre røyr kan du vurdere røyrfornying, eller å bytte til røyr-i-røyr.

**BEGGE FOTO:** Frende Forsikring

# Slår alarm om røyr

**Dei siste fem åra har slitasje og gamle røyr vore årsaka til meir enn 164 000 vasskadar. Desse har kosta meir enn 8,5 milliardar kroner.**

Hilde Eika Nesje

hilde@boblad.no - tlf. 947 89 450

– Det er svimlende høge tal. I fjor var det meir enn 36 000 slike saker bare i private heimar, og dei kosta 1,9 milliardar åleine, seier fagsjef i Frende Forsikring, Lill Cecilie Bjørndal Klementsen.

I ei pressemelding frå forsikringsselskapet opplyser ho at tala kjem frå vassskadestatistikken til Finans Norge.

## Må vere i forkant

Skadane kjem av slitasje og gamle røyr. Det betyr røyr som er over 30 år gamle i denne skadekategorien.

– I fjor var slitasje og alder årsaka til 50 prosent av alle vasskadane. Då seier det seg sjølv at det er mange, mange gamle røyr der ute som burde vore skifta for lengst. Viss du veit at røyra nærmar seg 30 år, bør du få ein sjekk av tilstanden, seier fagsjefen i Frende.

I forsikringsselskapet ser dei skadar på sjølve røret, i koplingar og i tilknytt utstyr, som for eksempel varmtvassberedarar.

– Ikkje vent til vatnet lek, viss du har eldre røyr. Det er utruleg mykje dyrare å fikse ein skade der vatnet har runne ut i tak, vegger og golv, enn å vere i forkant med vedlikehaldet, seier Bjørndal Klementsen.

## Avlaupsrøyr enklare

Avlaupsrøyr er enkle å sjekke tilstanden til, då desse er større og du får plass til eit kamera inni. Vassrøyr er det verre med, fordi dei ofte er gøymde i vegger og tak.

– Viss du først får eit brot i eit vassrøyr i ein vegg, kan røyrleggjar vurdere tilstanden. Dersom dei ser at røyra er slitne og at det er risiko for nye brot, bør heile strekket bytast

ut, framfor å berre reparere det eine brotet, seier fagsjefen.

I ei undersøking Norstat har gjort for Frende Forsikring, seier 44 prosent at dei har opplevd vasslekkasje eller vasskade heime. 1001 nordmenn er spurde.

I same undersøking har folk svara på kva som skjedde då dei opplevde vasskade. Slik såg desse svara ut:

- Lekkasje over tid
- Skadar etter nedbør
- Vasskade frå oppvaskmaskin
- Tilbakeslag frå røyr
- Handverkarfeil
- Frostskade
- Vatn frå varmtvassberedar
- Vasskade etter flaum

## Veit du nok om røyra dine?

– Mange av desse uhella kunne vore unngått viss ikkje røyra hadde vore eldgamle og i svært varierende stand, seier Klementsen.

Dei fleste vasskadane folk opplever kjem altså frå vassrøyr eller ekstremvær. Eller ein kombinasjon.

– Derfor er det så viktig at alle har litt oversikt over tilstanden på røyra sine. Det er nokre ting du bør spørje deg sjølv om,



**GIR RÅD:** Fagsjef på bygning, Lill Cecilie Bjørndal Klementsen.

seier fagsjefen, og ramsar opp dei viktigaste:

- Kva veit du om alderen og tilstanden til vassrøyra?
- Kor kalde blir røyra gjennom vinteren?
- Er det varme på i alle rom med vassrøyr?
- Har du brukt fagfolk til arbeidet heime hos deg då røyra blei lagde?
- Er huset, leilegheita eller hytta di godt rusta mot ekstremvær?

– Det er vanskeleg å gi noko fasitsvar på kor lenge vassrøyr

varer før dei bør skiftast eller fornyast. Bransjen reknar 30 til 60 år som teknisk levetid, seier fagsjefen i Frende.

Ho legg til at om ein opplever lukt, rust, misfarga vatn, dårleg trykk på vatnet eller hyppige lekkasjar, kan det tyde på at ein bør skifte røyra tidlegare.

– Viss du ikkje har peiling på kor gamle dei er, gjer du lurt i å ta ein prat med fagfolk for å få gode råd, før vatnet lek, seier Lill Cecilie Bjørndal Klementsen.



**STERK**  
ENTREPRENØR



## ERFAREN TØMRER SØKES – BØ OG RJUKAN

STERK Entreprenør er et solid entreprenørfirma i Telemark med røtter tilbake til 1970. Hos oss jobber du med alt fra hyttebygging i fjellet og boligrenovering til større offentlige bygg, ingen dager er like.

Vi søker tømrere som har faglig tyngde, jobber selvstendig og leverer håndverk de er stolte av. Du blir del av et sterkt fagmiljø med ingeniører, byggmestere og dyktige kollegaer.

### KVALIFIKASJONER:

- Fagbrev som tømrer (bred erfaring kan kompensere)
- Kjennskap til norske byggeforskrifter
- Gode norskkunnskaper
- Førerkort klasse B

**Vi tilbyr** tariffavtale, konkurransedyktig lønn, varierte prosjekter og gode utviklingsmuligheter. Noe reisevirksomhet må påregnes.



### SØKNAD OG CV SENDES TIL:

[soknad@ftsa.no](mailto:soknad@ftsa.no)

### VED SPØRSMÅL KONTAKT:

Geir Olav Fjellerud  
+47 900 53 488

Helge Olav Hellestad  
+47 906 06 210



SENTRALT  
GODKJENT



**FLATDAL  
HANDLAFT**  
T E L E M A R K

Velkommen  
til fjells!



## Drømmen om fjellet starter på Angre

Leter du etter et sted hvor stillheten  
senker seg og naturen er nærmeste nabo?

På Angre i Åmotsdal har vi nå ledige tomter  
og nøkkelferdige hytter i et av Telemarks  
mest urørte og vakre fjellområder.  
Her får du ekte fjellglede, gode solforhold og  
turmuligheter rett utenfor døra – hele året.

Kontakt oss for visning.

[www.flatdalhandlaft.no](http://www.flatdalhandlaft.no)

Flatdal Handlaft AS  
Sundbøhaugvegen 3  
3841 Flatdal

KONTAKT OSS  
971 53 661  
post@flatdalhandlaft.no



# UTLEIESENTERET

Bø Lift og Maskinutleie AS

## Klar til våren!

Velkommen til Bø Lift & Maskinutleie AS  
Alle maskinene du trenger, et sted



Høytrykksvasker



Gulv sliper



Se vår nettside:



Flere typer lift



Minigraver



Hekksaks

**Vi er her for å hjelpe!**

Ring +47 957 66 777 mandag til fredag, fra 07:00 til 16:00  
Eller send oss en mail [post@bolift.no](mailto:post@bolift.no).

Torshølvegen 12,  
3810 Gvarv  
[bolift.no](http://bolift.no)





DIN støtte redder liv.

VIPPS valgfritt beløp til 2366



“Jeg vet hvor sårbar og hjelpesløs man føler seg når man ligger i havet i påvente av hjelp. Men jeg har også opplevd den enorme lettelsen av å se Redningsselskapet ankomme. Den følelsen er mildt sagt ubeskrivelig.”

Kyrre Nilsen - fisker og giver

Se mer på [rs.no/stott-oss](http://rs.no/stott-oss) eller ved å skanne qr-koden.



# OPPUSSING / NYBYGG

- Male / tapetsere
- Teppe / belegg
- Vinyl i bad / dusj
- Flislegging
- Fargerådgjeving
- Sveisbar membran - underlag til flis

Varene har me på lager i butikken i Bø!

## FARGERIKE

Eigen handverksavd.

Tlf. 35 95 13 50 • [post@bomaling.no](mailto:post@bomaling.no)  
Mob. 95 88 05 26 • [john@bomaling.no](mailto:john@bomaling.no)

Du er alltid velkommen til ein prat om vår bransje!



- ARBEIDSKLÆR
- PROFILKLÆR
- PROFILERINGSARTIKLER
- SPESIALPRODUKSJON
- 15 ÅRS ERFARING

Velkommen til Rett Profilering!

 **RETTPROFILERING**

GAVEKORT Kort/ Vipps/ Faktura

Tlf. 456 02 686 // [post@rettprofilering](mailto:post@rettprofilering.no) // [www.rettprofilering.no](http://www.rettprofilering.no)

BØGATA 75, 3800 BØ I TELEMARKE • RINGSEVJA 8, 3830 Ulefoss  
• STRANDGATA 11, 3750 DRANGEDAL



## Dialektplakat

30 x 40 cm

Passar både på hytta og i heimen!

med ramme **Kr 300,-**

utan ramme **Kr 200,-**

 **Bøblad**  
Lokalavis for Midt-Telemark



# Vi borer vannbrønner

Med spisskompetanse innen fundamentering, geoenergi og vannforsyning, leverer vi solide tjenester fra grunnen av – bokstavelig talt.



**AARSLEFF**  
FUNDAMENTERING & BORING

# Bilens DAG

laurdag 30. mai  
kl. 10-15, Bø torg

Utstilling av  
nye bilar frå ulike  
leverandørar  
i regionen



Sal av  
kaffi og  
kake



Gratis ansiktsmaling



Midt-Telemark Storband spelar  
kl. 12.00 og kl. 13.30